

NVE

Innsendt dato: 02.04.2023

Referansenummer: ACDGGL

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside	
Fortsett med høringsuttalelsen	Ja

Kontaktinformasjon for virksomhet	
Organisasjonsnummer	884150582
Foretaksnavn	GEIR HELLAND
Adresse	Vikefjellsvegen 13
Postnummer	5460
Poststed	HUSNES
Foretakets telefonnummer	Ikke angitt
Foretakets e-postadresse	Ikke angitt
Fornavn	GEIR
Mellomnavn	Ikke angitt
Etternavn	HELLAND
Telefon	46485475
E-post	geir-helland@lyse.net
Organisasjonsnummer	Ikke angitt
Foretaksnavn	Ikke angitt

Saksopplysninger	
NVEs saksnr.:	202207831
Sakstittel	Onarheim transformatorstasjon

Høringsuttalelse	
Høringsuttalelse	<p>Underteikna er grunneigar på eigedom 142/7, der deler av gamal linje skal leggjast om i ny trase. Eg har nokre innspel og kommentarar til konsesjonsøknaden.</p> <p>Det er søkt om riggområde P2, der eg har fått godkjent løyve fra Kvinnherad kommune til å dyrke opp arealet etter at Statnett er ferdig med sin bruk. Ynskjer at Statnett legg mest mogleg til rette for dette når dei held på med sitt arbeid. I overkant av riggområde må det lagast ei avskjeringsgrøft for å kontrollere tilsig av vatn frå bekk og mykje overvatn i regnperiodar. Denne er merka med stipla linje på kart.</p> <p>Statnett planla fyrst ein midlertidig forlengelse av min eksisterande traktorveg til gamal mast 43. Det er best for både meg og Statnett at denne vert permanent. Eg har eit ynskje om at denne vert mest mogleg rett linje frå enden av mi dyrka mark og til overkant av mast 43. Då slepp eg kjøre midt mellom mastepunkta når eg skal nytta denne som landbruks- og skogsveg i etterkant.</p> <p>Eg driv med sauehald og har ein del gjerder som kjem til å bli berørt av Statnett sitt arbeid. Legg med kart som syner dagens gjerder med raud strek. Eg brukar arealet til beite både vår og haust. Om sommaren held gjerda sauene på utmarka. Sauene er på sommarbeite i Husnes-fjella, og mange trekkjer heim i løpet av sommaren for å prøva å koma seg på innmarksbeite. Gjerde må oppretthaldast og truleg flyttast der det vert direkte berørt av riggområde.</p> <p>Statnett planlegg ein del helikoptertrafikk. Dette er lite ynskjeleg når eg slepp ut sauene på innmarksbeite ca 1. mai. Sauene og lamma tåler lite dei fyrste vekene på beite. Det er ynskje om god dialog og varsling når ein planlegg mykje helikoptertrafikk.</p> <p>Rett i overkant av min driftsbygning, ligg ein bjørkekjos som vert berørt av bypass-trase. Denne nyttar sauene til skygge og kvile, og ligg rett ved dyrka mark. Når denne er planlagt hogge ned, må alt ryddast vekk, inkludert fjerning eller flising av greiner.</p> <p>Det går sauer på beite der ny linjetrase er planlagt. Under hogst må det takast hensyn til at sauene skal bruka arealet etter at hogsten er utført. Det er ynskjeleg at greiner vert samla mest mogleg saman slik at dyra kan passere enkelt forbi uten lange stengsler med greiner.</p>
Høringsuttalelse som vedlegg	Ikke angitt
Last eventuelt opp fil med annen relevant inforamsjon	Kart med innteikna gjerder gnr 142 bnr 7_20230402_0001.pdf

Vedlegg av bilder og kart